
Saksnr: 2020/47227-3
Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		23.09.2020
Fylkesutvalet		29.09.2020
Fylkestinget		29.09.2020

Sunnhordland lufthavn AS - søknad om driftsstøtte frå 2021

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune inngår avtale med Sunnhordland lufthavn AS om tilskot til drifta av Stord lufthamn for perioden 01.01.2021-31.03.2024.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå avtale med Sunnhordland lufthavn AS

Samandrag

Sunnhordland lufthavn AS har fram til og med 2020 motteke tilskot frå Samferdselsdepartementet til drift av Stord lufthamn. Tilskotet er basert på ein avtale mellom partane. Frå 2021 vert tilskot til ikkje-statlege flyplassar med kommersielle ruter lagt inn i råmetilskotet til fylkeskommunane. Sunnhordland lufthavn AS har motteke kr 22.086.832 til drift av flyplassen i 2020, og ynskjer ein ny 5-årig avtale med Vestland fylkeskommune etter mal av avtalen ein har hatt med Samferdselsdepartementet. Fylkesrådmannen vurderar at vidare drift av Stord lufthamn med kommersielle ruter ikkje er mogeleg utan offentleg tilskot. Fylkesrådmannen rår til at VLFK inngår avtale med Sunnhordland lufthavn AS om tilskot til drift av Stord lufthamn for perioden 01.01.2021-31.03.2024.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Sunnhordland lufthavn AS har i perioden 2016-2020 hatt avtale med Samferdselsdepartementet om økonomisk støtte til drift av Stord lufthamn. Som ein del av regionreforma har fylkeskommunane overteke ansvaret for å yta tilskot til ikkje-statlege flyplassar. Tilskotet vert lagt inn i råmetilskotet til fylkeskommunane. Dette er bakgrunnen for at Sunnhordland lufthavn AS i brev av 6. april 2020 ber om å få ein avtale med VLFK som vidarefører tilskotet frå departementet.

Hordaland fylkeskommune har gjennom åra ytt lån til Sunnhordland lufthavn AS når det har vore trong for det til opprusting og fornying av infrastrukturen. VLFK gjorde slikt vedtak på desemberberinget 2019:

1. Vestland fylkeskommune gjev Sunnhordland lufthamn eit lån på kr. 3.780.000 til opprusting av kontrolltårnet, utviding av terminalbygget og nytt brøyteutstyr. Lånet skal finansiere 21 prosent av kostnadene med prosjektet.
2. Fylkeskommunen finansierer utlånet ved bruk av investeringsfond.
3. Fylkesrådmannen får fullmakt til å avtale lånevilkåra.
4. Fylkestinget gjev lån med oppmoding om at:
 - a) Nytt tårn blir bygd med minimalt av klimaavtrykk, dvs lågast mogleg CO2 utslepp, og med miljøvennlige materialar.
 - b) Det blir aktivt jobba for at utslepp frå flytrafikken blir redusert, og fylkestinget blir halden orientert om dette.
 - c) Infrastrukturen på flyplassen blir lagt til rette slik at det er mogleg å ta i bruk elektriske fly på kortbanenettet

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jft vkt 2.1.3. i delegasjonsreglementet

Vurderingar og verknader

Sunnhordland lufthavn AS er eigd av Stord kommune (79%) og VLFK (21%) og har som føremål å driva Stord lufthamn. Lufthamna vart åpna i 1985, og har ei rullebane på 1460 m. I 2019 var det 21 tilsette i selskapet. Hovudoppgåva for flyplassen er å leggja til rette for kommersiell rutedrift og anna flyaktivitet. Danish Air Transport (DAT) opererer ei kommersielle rute mellom Stord og Oslo. DAT flyg 14 rundturar per veke, og hadde 38.863 reisande i 2019, ein vekst på 4,7% frå året før. I tillegg vert flyplassen nytta til avlastingsflyplass for Bergen lufthavn, Flesland. Stord lufthamn vert og nytta til trening og utsjekk av fly- og helikopterselskap samt av ambulansefly og redningshelikopter i tillegg til private flygingar.

Det er planar om å investera for 18 mill kr i nytt brøyteutstyr og utviding av terminalbygget. Stord kommune og VLFK har innvilga lån til dette, ref. ovannemnde vedtak.

I 2019 hadde selskapet eit underskot på kr 215.679 etter salsinntekter på 8,2 mill kr. Då Samferdselsdepartementet har varsla at ein vil betala ut avtala tilskot for 2020 uavkorta, legg selskapet til grunn at ein skal ha likviditet til å oppretthalda drifta i 2020 sjølv om flygingane stogga opp den 17. mars, og fyrst vert tekne opp att frå 10. august.

Som ein del av regionreforma har fylkeskommunane overteke ansvaret for FOT-rutene på kortbanenettet. For VLFK sin del gjeld dette rutene som Widerøe opererer mellom Sandane, Førde, Sogndal og Bergen/Oslo. Gjeldande anbod for desse rutene går fram til 31.03.2024. VLFK tek over ansvaret for desse rutene frå neste anbodsrunde, d.v.s. frå 01.04.2024.

Økonomi: Viss tilskotet vert sett lik auken i råmetilskotet, så vil det ikkje påverka økonomien til fylkeskommunen

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant

Fylkesrådmannen sine vurderingar

I 2020 har Samferdselsdepartementet ytt eit tilskot på kr 22.086.832 til drift av Stord lufthamn. Avtalen gjeld frå og med 2016 til og med 2020. Frå 2021 vert dette tilskotet lagt inn i råmetilskotet til VLFK, og det er fylkeskommunen som disponerar tilskotet.

I samband med regionreforma vart ansvaret for FOT-rutene lagt til fylkeskommunane. Gjeldande anbudskontrakt går ut 31.03.2024, og fylkeskommunen må innan den tid ha klårt eit nytt anbod for flyrutene i fylket. Etter fylkesrådmannen si vurdering vil det vera tenleg for fylkeskommunen at ein i prosessen fram mot eit nytt anbod vurderar rutestrukturen og den fylkeskommunale ressursbruken på heile kortbanenettet i fylket, herunder Stord lufthamn.

Etter fylkesrådmannen si vurdering let det seg ikkje gjera å vidareføra noverande drift med kommersielle rutflygingar på Stord lufthamn utan offentleg støtte til drift av flyplassen. Med tilvising til ovannemnde vil fylkesrådmannen rå til at det vert inngått ny avtale med Sunnhordland lufthavn AS for drift av Stord lufthamn for perioden 01.01.2021-31.03.2024 med ei økonomisk råme innafor dei tilførte statlege midlane i råmetilskotet, og at fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå slik avtale.